

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 27.04.2018, kl. 10:00-15:00
Møtestad: Lærdal sjukehus, Lærdal

Styremøtet var oppe for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, kst. viseadm. direktør/ direktør Psykisk helsevern
Margun Thue, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Arne Skjelten, HR-direktør/ kst. direktør Stab/støtte
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Stig Igland, samhandlingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Lisa Førde Refsnes, pasient- og brukarombod i Sogn og Fjordane

Sakliste

- 031/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden
032/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.03.2018
033/2018 Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte i Helse Førde HF 09.04.2018
034/2018 Administrerande direktør si orientering
035/2018 Rapportering frå verksemda per mars 2018

Saker til orientering:

- 036/2018 Årsmelding 2017 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane
037/2018 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del:

Sak 038/2018 blir behandla i lukka del, jf. Off.l. §23, første del

- 038/2018 Lønsforhandling 2018 - fullmakt

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Lærdal sjukehus.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING OG OMVISNING I LÆRDAL SJUKEHUS

Stadleg leiar Margun Thue orienterte om tenester ved Lærdal sjukehus, også om to viktige prosjekt.

Tenester:

Medisinsk klinikk:

- Medisinsk seksjon; sengepost, poliklinikk, dagbehandling
- Radiologisk seksjon
- Laboratorium
- Medisinsk servicesenter

Kirurgisk klinikk:

- Ortopedisk og kirurgisk seksjon; sengepost, poliklinikk, skadepoliklinikk, rehabilitering
- Avdeling for akuttmedisin; operasjon og anestesi
- Barsel – God start
- Ambulansestasjon

Sogn lokalmedisinske senter:

- Legevakt
- Legevaktsenter
- KAD

To viktige prosjekt:

- o Utviklingsprosjektet for Lærdal sjukehus
- o Prosjekt om stadleg leing

Deretter var det omvisning i Lærdal sjukehus og ein var innom: Ambulansestasjon, poliklinikk, KAD, også bygging av ny MR.

ORIENTERING OM ÅRSMELDING 2017 FRÅ PASIENT- OG BRUKAROMBODET

Pasient- og brukarombod Lisa Førde Refsnes orienterte om årsmeldinga 2017:

- Henvendelser i klagesaker – oversikt Helse Førde, Helse Bergen og kommunane i Sogn og Fjordane
- Nasjonale tal for helseføretaka i Helse Vest RHF
- Kva pasientar og brukarar er misnøgde med i møte med helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane

I førre årsmelding var tema oppførsel og informasjon.

Styret takka for god gjennomgang av årsmeldinga.

031/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Nestleiar Anne Sissel Faugstad hadde meldt forfall.

6 dokument var utsendt til Skriv og meldingar.

Nye dokument lagt på bordet var:

- Utviklingsplan Helse Førde – høyringsutkast
- Plan for prehospitala tenester – høyringsutkast
- Oppdatert årsplan for styret i Helse Førde HF

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

032/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 23.03.2018

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 23.03.2018.

033/2018 Godkjenning av protokoll frå telefonstyremøte i Helse Førde HF 09.04.2018

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå telefonstyremøte 09.04.2018.

034/2018 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden orienterte om:

1. Rapportering tilsynssaker

2. Organisasjonsendring - status

Nytt organisasjonskart i Helse Førde er vedteke og trer i kraft umiddelbart. Funksjonen som viseadm. direktør utgår, men fast stedfortreder for adm. direktør vert Børge Tvedt.

Det vert no 3 klinikkar: Kirurgisk klinikk, Medisinsk klinikk og Psykisk helsevern. Føretaksleiinga har lik samansetning som tidlegare, i tillegg vert direktør for Drift og eigedom med i føretaksleiinga.

Viseadm. direktør Tvedt orienterte om:

3. Nytt ambulanshelikopter

Onsdag 18. april fekk vi nytt ambulanshelikopter i Helse Førde. Dette er ei kvalitetsheving og vi har vore tett på i anskaffinga. Det nye ambulanshelikopteret skal vere tryggare og betre, og kan fly i dårlegare ver.

HR-direktør Skjelten orienterte om:

4. ForBetring 2018 – oppfølging av resultatata i Helse Førde

God svarprosent med 81 prosent. Resultata for dei fleste område på nivå med resten av Helse Vest, med unntak av litt dårlegare resultat enn gjennomsnittleg for psykososialt arbeidsmiljø. FAMU har vedteke at dette skal ha særskilt fokus i oppfølgingsarbeidet ute i linja.

Viseadm. direktør Tvedt orienterte om:

5. Oppfølging av vold og truslar – samarbeidsmøte med politiet

Helse Førde har hatt samarbeidsmøte med politiet 26. april, der også tillitsvalde deltok.

6. Psykosepost - oppslag i media siste dagar

Styret vart orientert om teikningar i førre møte. Det har no vore møte med arkitektar, der også brukarar deltok. Har også vore møte med fylkesmannen v/fylkeslegen, som blir orientert fortløpande. Det har vore møte i Brukarutvalet, og innspel blir teke med i vidare planlegging. Har også hatt dialog med LPP, og det blir planlagt nye møter. Det blir jobba vidare med teikningar og planlegging av psykoseposten.

Styret kommenterte at det er viktig å lytte til innspel frå alle i det vidare arbeid med psykoseposten.

Til styremøte den 22. mai vert adm. direktør bedt om å laga ei notat med meir utfyllande vurdering.

Adm. direktør Varden orienterte om:

7. Statens Barnehus – etablering i Sogn og Fjordane

Finansiering har ikkje vore på plass. Helse Vest får 3,9 millionar kroner til fordeling. Det blir etablert Barnehus i Førde, med opent 2 dagar per veke. Kostnad for Helse Førde i 2018 er stipulert til i overkant av 1 million kroner. Blir arbeidd med å få tenesta på plass innan 1. september 2018. Dette er ikkje fullfinansiert, og kjem i konkurranse med andre tenester vi har.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

035/2018 Rapportering frå verksemda per mars 2018

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med orientering om:

- Ventetid: Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 46 dagar i mars, mot 40 førre månad.
- Tentative timar: I suttan av mars var det 14 445 komande episodar med tentativ time.
- Aktivitet: I mars har det vore auke i døgn- og dagbehandlingar i høve til budsjettet, men ein nedgang i polikliniske konsultasjonar. DRG-inntektene er så langt høgare enn budsjett.
- Rekneskapsresultatet etter mars var eit overskot på 16,5 millionar kroner, som er 9,5 millionar kroner over budsjettet.
- Avvik fag og HMS: Sjukefråværet er framleis for høgt, men litt lågare enn førre månad. Det er fortsatt fokus på sjukefråværet.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Kvalitet, aktivitet, økonomi og bemanning

Oppfølging av tiltak i budsjett 2018 – med orientering om kvar av klinikkane:

Stab og støtte	Tiltaka vert gjennomført etter planen lagt i budsjettet
Medisinsk klinikk	Største utfordringa er tiltak som gjeld legekostnader
Kirurgisk klinikk	Tiltaka som vart sett i verk har gitt den venta verknaden
Psykisk helsevern	Tiltaka vert gjennomført etter planen lagt i budsjettet

Oppfølging av investeringar i medisinsk teknisk utstyr:

Medisinsk teknisk avdeling – status pågåande prosjekt per 17. april vart presentert

Styret etterspør til neste styremøte:

Ein ber adm. direktør rapportere på forbruk av investeringsbudsjettet.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per mars 2018 vert teken til vitande.

Saker til orientering:

036/2018 Årsmelding 2017 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane

Oppsummering:

Pasient- og brukarombodet skal arbeide for å ivareta pasienten og brukaren sine behov, interesser og rettstryggleik overfor spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta (helse- og omsorgstenesta). Ombodet skal også arbeide for å betre kvaliteten på desse helsetenestene.

I 2017 var det i Sogn og Fjordane registrert 423 saker, derav 195 saker til spesialisthelsetenesta og 135 saker til kommunal helse- og omsorgsteneste.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek Årsmelding 2017 frå Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane til orientering.

037/2018 Eventuelt

Dokumenta «Skriv og meldingar»:

Styret stilte spørsmål til RHF styresak 047/18 om innføring av IKT-løysing for rekneskap og budsjett.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om saka, og forhandsvarsel om at framdrifta kan bli noko forskyvd.

Styret stilte spørsmål til styresak 046/18 om regional kirurgiplan, som kan ha stor innverknad på Helse Førde.

Adm. direktør Varden orienterte ifrå styringsgruppemøte. Styret blir orientering om planen på neste styremøte 22. mai. Kirurgiplanen vert styresak til hausten.

Brukarrepresentant Nedrebø stilte spørsmål til skrivet om basseng ved Førde sentralsjukehus. Adm. direktør fortalde at dagens basseng ved Førde sentralsjukehus vil bli tatt vekk for å gi plass til anna areal. Ein vil vurdere i den vidare planleggingsprosessen om det er mogleg å finne rom til basseng i Nye Førde sjukehus.

Styret sin møteplan:

Oppdatert møteplan vart gjennomgått.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, april 2018
- Brev frå Felles brukarutval i Sogn og Fjordane vedr. basseng ved Førde sentralsjukehus, datert 09.04.2018
- RHF styresak 046/18 Orientering om regionalt prosjekt om kreftkirurgi og anna elektiv kirurgi
- RHF styresak 047/18 Orientering om arbeidet med anskaffing og innføring av IKT-løysing for rekneskap og budsjett, bestilling og vareforsyning
- Årsmelding for Pasienttryggingsutvalet 2017
- Årsmelding for Kvalitetsutvalet i Helse Førde 2017

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Utviklingsplan Helse Førde – høyringsutkast
- Plan for prehospitala tenester fase 1– høyringsutkast
- Oppdatert årsplan 2018 for styret

Lukka del:

038/2018 Lønsforhandling 2018 -fullmakt

Uoff, Off.l. §23.1

Tilsettere representantar Røkenes, Aven, Westbye og Norevik deltok ikkje ved handsaming av sak 038/2018.

HR-direktør Skjelten orienterte om saka.

Vedtak (samrøystes):

Styret gir administrerande direktør fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar i tråd med resultatet i konkurranseutsett sektor, kommune og stat og innanfor ansvarlege økonomiske rammer.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar
(sett)

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen

Wenche Kristin Røkenes

Randi Aven

Hans Jacob Westbye

Arthur Norevik